



Dei har laga ein fin utstillingsplass framfor AFA: Frå venstre sit Magne Lindheim, Tor Vidar Sæle, Per Ivar Kårstad, Jan Tore Johnsen og Åge Kristian Thorkildsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

AFA - ei verksemd for yrkeshemma arbeidstakarar – driv ein allsidig produksjon til beste for mange. No ønskjer dei å gå meir offensivt ut med kva dei driv med og som ledd i det har dei laga ein fin utstillingsplass ved inngangen. Der presenterer AFA nokre av "utetinga" sine. Andre tiltak blir etter kvart ei betre nettside og ei brosjyre.

På utstillingsplassen kan ein ta ein pause og slappa av – gjerne med ein kopp kaffe - ved benker og bord i to utgåver.

Villmarksbenkene som dei også lagar har ikkje fått plass, men det har ønskebrønnen, postkassestativet, blomsterkassa og urnene.

Trillebårer som skal fyllast med blomar og det etter kvart svært populære "Uskedalshuset" som kamuflerar varmpumpene er to produkt som heller ikkje har fått plass. Alle desse produkta blir no selt direkte frå Uskedalen.



Ønskjer du deg ein ønskebrønn? (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Og så kjem alt vi kan spesial-laga på bestilling. Her set berre fantasien grenser, seier dagleg leiar Tor Vidar Sæle til uskedalen.no og kjem særleg inn på alle gjerde-oppdraga og skiltproduksjonen. Nyleg har dei til dømes sett opp lange gjerder langs riksvegen på Rød og rundt ei hytte på Skorpo. Andre døme er at dei har bygd inn vannfilteret til Hjønnevåg og laga toaletthuset i Matresvingen..

Gjerde er eit stort produkt og AFA set for det meste opp eigenprodusert og plastbelagt gjerde.

- Vi produserer i alle høgder - frå 50 til 300 centimeter, opplyser dagleg leiar

-Vi lagar alt som folk spør etter og vi er svært fleksible. Ønskjer dei 10 postkassestativer, så lagar vi det. Vi lagar slikt som folk ikkje kan få kjøpt på butikken og som blir mykje dyrare om folk skulle gå til eit spesialfirma. Og det

har kanskje heller ikkje tid til å ta oppdraget, seier Sæle.
Men han presiserer at også AFA treng tid til å utføre oppdraga.
- Vi jobbar så fort vi kan, seier han.

Når det gjeld namneskilt, kan dei vera frå nokre få centimeter til mange meter store og Sæle presenterer smakfulle namneskilt som ein kan ha på jakka og eit stort skilt som viser vegen til Hattebergfossen i Rosendal. Men det siste er likevel lite samanlikna med det dei skal laga etter ferien og som vil vera ei skikkeleg utfordring: Det digre skiltet med USKEDALEN OPPVEKSTSENTER som ein skal kunne sjå straks ein rundar svingen i riksvegen. Skiltet vonar Sæle kan bane vegen for fleire slike oppdrag.

Produksjonen ved AFA er aukande og i årsrapporten for 2007 blir det peika på at verksemda treng å utvida køyretøyalet frå to til tre for å møte behovet.

Men først skal AFA ha ferie og det har dei 27 yrkeshemma og seks i arbeidsleiinga utan tvil fortent.

Av Ola Matti Mathisen



Snart blir det ikkje tvil om kor Hattebergfossen ligg. Bak seg har dagleg leiar Sæle noko av den gode blandingsveden som AFA kan tilby. (Foto: Ola Matti Mathisen)